

Sørstatsblues i romanform

Ein av dei største amerikanske romanane er kome i ny norsk omsetjing. Det er så trist og så godt at du kan ikkje la vere å lese boka til endes.

ROMAN

CARSON MCCULLERS:

Hjertet er en ensom jeger

ASCHEHOUG 2016

Ikkje all ny amerikansk litteratur som for tida blir omsett til norsk, vil hamne øvst i den litt rærere arven. Men no ligg ein amerikansk klassikar på norsk føre, for tredje gong, Carson McCullers første roman *Hjertet er en ensom jeger*. Romanen, som kom i 1940, er ein udiskutabel del av amerikansk kanon. Eg minnest at eg las romanen då eg var student, og at eg lét alt anna fare før eg hadde lese boka til endes – ei leseoppleving eg aldri gløymer.

Nokre romanar opnar med ei setning som fester seg, som til dømes Herman Melvilles *Moby-Dick*: «Call me Ishmael.» McCullers opnar med ei line som vil bli ståande (på engelsk): «In the town there were two mutes, and they were always together.» Det er John Singer, den eine av desse to, som set tonen for heile verket.

Romanen er som eit musikkstykke, der tonen blir sett i første kapittel. Så kjem andre til, men

Singer kjem alltid inn, ordlaust, i dei andre forteljingane sine, sjølv om han berre sit stille ved eit bord i gatekafeen eller står i dørropninga i selskap og ser på det som skjer.

JESUS-FIGUR

Singer seier ikkje, og høyrer ikkje, eit einaste ord. Han blir ein slags taus Jesus-figur som nokre personar i bygata stadig kjem innom, for å sökje hjelp og trøyst frå. Først kjem historia om Singer og den stumme venen hans. Dei bur i lag og kommuniserer godt gjennom syn, fingrar og fjes. Singer kan ikkje greie seg utan venen. Når han ein dag blir send på institusjon fleire mil unna, protesterer Singer ved å skrive ein lapp om at dei ikkje kan skiljast, men det nyttar ikkje.

Singer har vore dauv sidan fødselen, men kan lese og skrive og snakke etter andres munn. Han jobbar som gravør hos ein gullsmed. Etter at han slo seg saman med den stumme venen sin, brydde han seg ikkje om å snakke med munnen lenger, «for siden han hadde en venn, var det ikke nødvendig». Singer veit heller ikkje om venen forstår det han

freistar å få fram, «men det gjorde ingenting». Det er ei utruleg spennin i slike setningar om venskap.

SØRSTATSBLUES

Carson McCullers hadde sin eigen stil. Den Hemingway skar ned bruk av adjektiv til nokre heilt få, laga McCullers variasjoner omkring dei engelske adjektiva *sad* og *sorrowful*. Det er eit prosjekt som byrja alt i den første romanen hennar. Naturen og småbyen, vêret og husa, får ofte same tone. Det er mykje sørstatsblues i *Hjertet er en ensom jeger*.

Etter at venen hans er borte, flytter Singer inn for seg sjølv i eit skrøpeleg husvære. Han vandrar taus og åleine i gata der han bur. Men andre menneske kjem inn i Singers ordlause krins: ein fordrukken arbeidar, ein kafé-eigar og dei viktigaste to: den svarte læjkjaren i byen, dokter Copeland, og tenåringsjenta Mick. Ho drøymer om å bli musikar. Singer er den einaste som forstår henne. Ho drøymer om å vere i lag med han, kan hende «ved eit grått vinterhav i det fremmede landet Norge».

Dokter Copeland held juleselskap og deler ut ein pris til ein elev for beste essay om dei svartes situasjon. Heile kapitlet er skrive som om det skulle vere modellert etter Luther King tjue år etterpå. Copeland ser kor undertrykte dei svarte er, og held ein tale med Spinoza og Karl Marx som inspirasjon, støtta av halleluja-rop frå gjestene. Sosial endring og kyrkjespråk går saman. Singer står opp om føretaket. Det er drivande godt skrive.

MED KAREN BLIXEN

Carson McCullers gav ut fleire romanar. Ho døyde 50 år gammal i 1967. Ho visste kva det var å leve i små kår i sørstatane i 1930-åra. Sytten år gammal reiste ho til New York for å føre vidare det ho var oppteken av: musikk og litteratur. Ho hadde eit vrient ekteskap, som ho vandra ut og inn og ut av. *Hjertet er en ensom jeger* skreiv ho ferdig då ho var tjuetre år gammal.

Ho er elles kjend for å ha samla folk hos seg til det mest ikonografiske biletet i amerikansk litteratur. Det hende vinteren 1959. Ho sat då i stova si

saman med Karen Blixen, som ho var påverka av. Blixen sit på den eine sida av henne og Marilyn Monroe på den andre. I biletet skalar McCullers med Monroe, og Blixen med forfattaren Arthur Miller. Blixen og McCullers er i tydeleg dårleg stand. Blixen var det mest ikkje noko att av, og McCullers hadde vore sjuk lenge.

Ragnhild Eiklis omsetjing er god. Ho lèt dei unge svarte røystene kommunisere på radikalt bokmål. Det høver godt.

ØYVIND T. GULLIKSEN

Øyvind T. Gulliksen er professor emeritus i amerikansk litteratur og kultur ved Høgskolen i Telemark, Bø, og fast skribent i Dag og Tid.



Der Hemingway skar ned bruk av adjektiv til nokre heilt få, laga McCullers variasjoner omkring dei engelske adjektiva *sad* og *sorrowful*.



Ellen Vahr er nominert til Bokhandlarprisen 2016. Foto: Pernille Marie Walvik

BOKHANDLARPRISEN

Desse ti bøkene er nominerte til Bokhandlarprisen 2016:

- Iben Akerlie: *Lars er LOL*
- Ketil Bjørnstad: *Verden som var min*
- Jan-Erik Fjell: *Lykkejegeren*
- Frode Grytten: *Menn som ingen treng*
- Vigdís Hjorth: *Arv og miljø*
- Jørgen Jæger: *Fortelsen*
- Anne B. Ragde: *Alltid tilgivelse*
- Tore Renberg: *Du er så lys*
- Helene Uri: *Hålke*
- Ellen Vahr: *Gaven*

Bokhandlarprisen vert delt ut etter røysting blant alle dei som arbeider i norske bokhandlar.

NORÉN PÅ DRAMATEN

Denne veka la Dramaten i Stockholm ut vårprogrammet, og der går det fram at Lars Norén skal instruera for første gong for dette teatret sidan 1998. *Stilla liv* heiter det nyskrivne verket hans som skal spelast på Elverket.

«Soppkök, stenläggning, enkelhet, barnaskara» er orda han brukar for å skildra verket som får premiere 18. mars.

WIEHE OM DYLAN


I det svenske Aftonbladet skriv Mikael Wiehe om Bob Dylan:

«Eg har aldri sett på Dylan som politisk medviten, men meir som ein respektlaus rebell mot det etablerte og som ein visjonær for det komande.»


Og den kjende musikaren og låtskrivaren legg til:

«Å setja om Bob Dylan er å setja om eit monument, ein mann som har beundrarar og fortolkarar over heile verda, ein mann – som trass i at han ikkje ønskjer det – er eit symbol for ei tid og draumane om ei betre verd. I min generasjon trur eg at det finst fleire som kan sitera Bob Dylan på engelsk enn som kan sitera den svenske Bibelen eller salmeboka. Også dette må ein ta omsyn til som omsetjar.


ottar@dagogtid.no



Carson McCullers i 1941. Foto: AP / NTB scanpix



NY BOK



499,-

 BESTILL PÅ SKALD.NO – VI BETALER FRAKTA

KJELL MAGNUS ØKLAND

OSELVAR DEN LEVANDE BÅTEN

Oselvaren, Noregs nasjonalbåt, vart i 2015 nominert til UNESCO-lista for immatrielt kulturvern. Den tradisjonelle klinkbygde trebåten frå Os har vore i bruk langs heile Norskekysten. Boka fortel om levande byggje- og brukstradisjonar og speglar kyst-, idretts- og folkekultur på Vestlandet gjennom fleire århundre, heilt fram til i dag. Praktboka utgjer den første samla framstillinga av mangfaldet i Oselvarens historie.

LANSERINGSDAGAR

22. OKTOBER kl. 12–15: Foredrag og båtutstilling, Osøyro.

23. OKTOBER kl. 12–16: Foredrag og båtutstilling, Hordamuseet, Stend.



KJELL MAGNUS ØKLAND

FOTO: PRIVAT